



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

02 DES 2014

Norconsult AS
v/Waldemar Solheim
Postboks 1199
5811 BERGEN

Behandlende enhet:

Saksbehandler/innvalgsnr:
Heming Lunestad - 53650124

Vår referanse:
2014/137019-004

Deres referanse:

Vår dato
01.12.2014

Søknad om avkøyrsløse / dispensasjon fra byggegrense - Fv. 136 - gnr. 26 bnr. 20 - Samnanger kommune

Viser til e-post av 24.11.2014 og til tidlegare brev av 11.11.2014.


Som vi skreiv i vårt brev av 11.11.2014 oppfatar vi søknaden som dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan. Samnanger kommune har i vedtak i NAT-033/14, gitt dispensasjon frå planen og vurderte at det ikkje var behov for uttale frå Statens vegvesen eller andre offentlege mynde. **Ved dispensasjonen frå gjeldande reguleringsplanar skal offentlege mynde ha søknaden til uttale.**


Søknaden omfattar utvida parkeringsplass med ny avkøyrsløse/kryss og utvida/endra bruk av ei eksisterande avkøyrsløse samt bygging av overbygd parkeringsanlegg 11 m frå midt av fv 136. Vi har tidlegare peika på kravet til fri sikt i kryss. I dag er det mellombels 30 km/t fartsgrense og fartshumpar i området. Om denne fartsgrensa vert gjort permanent eller ikkje er under handsaming, men ikkje gjort vedtak om.

Sidan fartsgrensa er < 50 km/t er det ikkje krav til fysisk skille mellom køyreveg og gang-/sykkelveg. Dagens rekkverk på deler av strekninga kan ta sikt i kryssa og bør fjernast som del av utbygginga. Dersom fartsgrensa vert permanent lågare enn 50 km/t kombinert med fartshumpar, er det etter vårt syn, heller ikkje behov for eige heva gangfelt her.

Vi har elles ingen merknad til dispensasjonen som er gitt.

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing


for Carl Erik Nielsen
Seksjonsleiar


Heming Lunestad

Kopi: Hordaland fylkeskommune, p.b. 7900, 5020 BERGEN .
Fylkesmannen i Hordaland, p.b. 7310, 5020 BERGEN
Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE